

# ALVER KULTURRÅD

Til  
Alver kommune - kulturkontoret  
v/ Anders Olav Dale

21. mai 2021

## Uttale: Anleggsstrategien til Alver kommune - rullering

Styret i Alver kulturråd støtter opp om administrasjonen sitt forslag på anleggsstrategi.

Styret gjer merksam på at strategien er ein oversikt over fleire års innspel, planar og ferdigstilte anlegg som Alver kulturråd ikkje har vore prosessinvolvert i. Styret har difor ikkje diskusjonsgrunnlag å byggje innspel på.

Alver kulturråd har ein samarbeidsavtale med politisk og administrativ leiing i Alver kommune, underskriven 18 aug 2020. I pkt 2 i denne avtalen er det eit mål at «avtalen skal vere med å fremje felles mål om kultur, scene, musikk, kunst og friluftsliv for alle i Alver».

Så styret ser fram til å bli invitert med på prosessane kring strategien då mange av anlegga blir spelt inn, planlagt og ferdigstilt som både idretts-, friluftslivs- og kulturarenaer. Så vi ser Alver kulturråd som ein naturleg part i desse prosessane. Og vi håper at Alver kulturråd blir involvert så tidleg som mogleg i prosessar slik at ressursen som ligg i rådet og medlemmane kan nyttast til det beste for sluttresultatet og innbyggjarane.

Alver kulturråd vil kommentere at ein så stor og omfattande strategi må gjerast kjent i eit mykje breiare fora enn i idrettsmiljøet.

Alver kulturråd har medlemslag som eig og driv lokale kulturbygg, og som driv lokale kulturaktivitetar i nærområda våre, ofte i nærleik til idretts- og friluftsanlegg. Dette er base for kunnskap og informasjon som er til rådvelde for administrasjonen om det er ønskeleg. Lagshus og lokale kulturbygg er mange stader eit naturleg utgangspunkt for parkering til og frå turområde og bygga er viktige i utviklinga av levande lokalsamfunn.

Styret i Alver kulturråd stiller seg til rådvelde og er takknemleg for å kunne bidra.

På vegne av styret i Alver kulturråd



Arild Hagenes  
Styreleiar



Per Ole Ekker  
Sekretær